



Kommunal- og  
distriktsdepartementet

Handlingsplan

# Handlingsplan for auka inkludering i eit digitalt samfunn

# Handlingsplan for auka inkludering i eit digitalt samfunn



# Innhold

<b>1</b>	<b>Forord .....</b>	<b>5</b>
<b>2</b>	<b>Innleiing .....</b>	<b>7</b>
2.1	Barrierar som hindrar digital deltaking .....	8
2.1.1	Innsikt i forvaltninga .....	8
2.1.2	Helserelaterte barrierar .....	9
2.1.3	Barrierar for unge .....	9
2.1.4	Låg tillit, språklege-, sosiale- og kulturelle barrierar .....	10
2.1.5	Kriminalomsorg .....	11
2.2	Korleis møte ikkje-digitale innbyggjarar .....	12
2.3	Noverande innsats .....	13
2.3.2	Universell utforming av IKT .....	13
2.3.3	Elektronisk kommunikasjon .....	14
2.3.4	Ny nasjonal strategi for eID .....	14
2.3.5	Kriminalomsorga .....	15
2.3.6	Andre strategiar og planverk .....	15
<b>3</b>	<b>Tiltak til handlingsplanen for perioden 2023–2026 .....</b>	<b>17</b>
3.1	Tverrgåande tiltak .....	18
3.2	Den digitale grunnmuren (infrastruktur og netttilgang) .....	19
3.3	Tilgjengeleg IKT-utstyr .....	20
3.4	Grunnleggjande digitale ferdigheter .....	21
3.5	Brukarvennlege digitale tenester .....	23
3.6	Digital dømmekraft .....	26
3.7	Økonomiske og administrative konsekvensar .....	27





# 1 Forord

---

Digitalisering gir nye mogleheter, også mogleheter for å inkludere fleire i felleskapet. Men viss vi ikkje legg til rette for at flest mogleg skal delta etter evne, risikerer vi å bidra til digital utanforskap.

Digitalisering er eit middel til å inkludere fleire i samfunnet, ikkje eit mål i seg sjølv. Vi har ansvar for å levere offentlege tenester til alle, også til dei som ikkje kan eller ønsker å bruke digitale verktøy og tenester.

For dei fleste av oss gjer teknologien kvardagen enklare. Det gir oss også tilgang på offentlege teneste frå vår eigen heim, same kvar vi bur i landet. Digitale løysingar vil også vere viktig i ei framtid der ein lågare del av befolkninga er i yrkesaktiv alder.

Digitale løysingar legg opp til stor grad av «sjølvbetening». Derfor er det viktig at både offentlege og private aktørar lagar digitale tenester som er enkle å bruke og forstå, slik at ein ikkje treng byråkratisk kompetanse eller spesialkompetanse for å ta dei i bruk. For nokon blir terskelen for høg. Då er det lett å falle utanfor.

Det er også store variasjonar i befolkninga. Det er eit mål at alle skal ha mest mogeleg lik tilgang til grunnleggjande digitale løysingar, og at alle som ønskjer det har kunnskap om korleis løysingane kan brukast.

Denne handlingsplanen gjeld frå 2023 til 2026. Målet med handlingsplanen er å motverke digital utanforskap og legge til rette for at alle blir inkludert i samfunnet.



Sigbjørn Gjelsvik  
kommunal- og distriktsminister



## 2 Innleiing

---

Alle innbyggjarar skal få likeverdige offentlege tenester, uavhengig av bakgrunn, språkkunnskapar, alder osv. Tilgang til likeverdige offentlege tenester handlar om å ha like sjansar til å delta og å bidra i samfunnet. I praksis handlar det om at alle offentlege styresmaktar på alle forvaltningsnivå må ta inn over seg, og tilpasse seg til, at befolkninga er mangfoldig med mange ulike ressursar og behov.

Handlingsplanen for auka inkludering i eit digitalt samfunn rettar seg primært mot dei gruppene som opplever digitale barrierar og digital utanforskap. Handlingsplanen skal sikre tiltak som bidreg til at dei som ønskjer å delta digitalt, lettare kan finne støtte og hjelp til å skaffe seg nødvendig digitale verktøy og ferdigheter.

Ein forsterka innsats for å vareta flyktingars behov for digital kompetanseheving har vorte ytterlegare aktualiserte i samband med mottaket av fleire tusen flyktingar frå Ukraina.

Digital utanforskap har store konsekvensar for den enkelte, men også for samfunnet. Blir for mange ståande utanfor den digitale utviklinga, er det fare for at eksisterande skilje i samfunnet blir forsterka.<sup>1</sup>

Det vil alltid finnast nokre som ikkje kan, eller ikkje ønskjer, å bruke digitale løysingar eller kommunisere digitalt. Styresmaktene har ansvar for å legge til rette for gode offentlege tenester, både digitale og analoge. Dei som ikkje bruker digitale verktøy, skal ha eit alternativ, for eksempel via brev, telefon eller fysiske møte.

Noreg ligg langt framme i digitaliseringa. Dei aller fleste tenestene frå det offentlege og private går i hovudsak i digitale kanalar. Undersøkingar viser at dei fleste er i stand til å bruke dei digitale tenestene. Tal frå SSB<sup>2</sup> viser at heile 93 prosent mellom 9 og 79 år brukte internett ein gjennomsnittsdag i 2022. Andelen blant dei eldste i aldersgruppa 67-79 år som bruker internett dagleg er 84 prosent og har aldri vore høgare. Tida denne aldersgruppa bruker dagleg på internett har auka frå 64 minutt i 2021 til 105 minutt i 2021.

For første gong inkluderer statistikken frå SSB dei som er over 80 år og cirka halvparten (48 prosent) i denne aldersgruppa seier at dei blir brukte internett dagleg. Sjølv om dei fleste i landet er digitale, er det nokon som framleis står utanfor.

---

1 <https://ikt-norge.no/wp-content/uploads/IT-i-praksis-2022.pdf>

2 <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/tids-og-mediebruk/artikler/norsk-mediebarometer-2022>

Å sikre ei brei tilknyting til og deltaking i offentlegheita er ei viktig føresetnad for ytringsfridommen. Det same gjeld tiltak mot desinformasjon. Denne handlingsplanen bidrar derfor også til å følge opp nokre av vurderingane og tilrådingane i Ytringsfridomskommisjonen si utgreiing (NOU 2022: 9), som vart overlevert til Kultur- og likestillingsministeren 15. august 2022. Til dømes vert tiltak som dreier seg om universell utforming og tiltak som fremjar kritisk medieforståing også tilrådd av Ytringsfridomskommisjonen i høvesvis kapittel 6 og 9 i utgreiinga.

## 2.1 Barrierar som hindrar digital deltaking

Digitale ferdigheter og kompetanse er avgjerdande for å kunne delta i arbeid, utdanning, samfunnsliv og sosiale samanhengar. Svært mange og stadig fleire i Noreg har god digital kompetanse og ferdigheter. Samstundes viser funn frå SSB sin rapport *Digital sårbarheit*<sup>3</sup> at det er tre grupper som skil seg med tanke på risiko for å falle utanfor digitalt. Godt integrerte innvandrarar har gjennomgående låg risiko for digitalt utanforsk. Unge studentar og lite integrerte utanlandske kvinner har ein mykje høgare risiko for å ikkje få tilgang til offentlege tenester. SSB peikar på at det i hovudsak er fire forhold som påverkar grad av digital sårbarheit:

- tilgangsbarrierar
- digitale ferdigheter
- byråkratisk kompetanse
- helse- og livssituasjon.

Rapporten *IT i praksis* for 2022<sup>4</sup> set søkerlys på digital utanforsk. Det er særleg tre grupper som står i fare for å falle utanfor digitalt:

- dei med høg alder
- dei med låg inntekt
- dei som står utanfor arbeidsstyrken

Ifølgje rapporten utgjer gruppa som vurderer at dei har dårlig eller svært dårlig digital kompetanse og ferdigheter, rundt 10 prosent av befolkninga.

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) gjennomførte i 2020 ei kartlegging av digitale kompetanse og deltaking i befolkninga.<sup>5</sup> To grupper har svakare digitale ferdigheter enn befolkninga elles:

- personar som er 60 år og eldre
- personar utanfor arbeid og utdanning (ikkje-sysselsette)

### 2.1.1 Innsikt i forvaltninga

SSB går ut frå at studentar har tilstrekkelege digitale ferdigheter, men lågare innsikt i forvaltninga, manglande kunnskap om oppbygging og forvaltningsspråk. Mangel på forvaltningskompetanse kan hindre bruk av digitale tenester. Dette er påpeika i

3 <https://www.ssb.no/teknologi-og-innovasjon/informasjons-og-kommunikasjons-teknologi-ikt/artikler/disse-gruppene-sliter-med-a-henge-med-pa-digitaliseringen>

4 <https://ikt-norge.no/wp-content/uploads/IT-i-praksis-2022.pdf>

5 <https://www.kompetansenorge.no/statistikk-og-analyse/publikasjoner/befolknings-digitale-kompetanse-og-deltakelse/>

fleire rapportar.<sup>6</sup> Manglande byråkratisk kompetanse kan vere eit vel så stor hinder for digital deltaking enn svake digitale ferdigheiter.

### **2.1.2 Helserelaterte barrierar**

Helse- og livssituasjon kan stå i vegen for digital deltaking. Det kan vere mellombelte eller varige funksjonsnedsetjingar, fysiske eller kognitive hinder og redusert meistringstru og sjølvtillit.

Helserelaterte fysiske hinder kan vere

- utfordringar med å fokusere på skjerm
- å vere ømfintleg for lys
- skjelving eller smerter
- redusert impulskontroll
- andre svekte funksjonelle ferdigheiter

Kognitive hinder og reduserte funksjonelle ferdigheiter omfattar konsentrasjon, minne, problemløysing, avgjerdsevne, orienteringsevne og forhold som påverkar evna til å orientere seg i, respondere raskt nok på og fullføre digitale oppgåver.

Undersøking av helsekompetansen i befolkninga viser at digital helsekompetanse (evna til å søkje og finne digital helseinformasjon og evne til å ta i bruk digitale helsetenester) varierer med kjønn, alder, utdanningsnivå og langvarig sjukdom. Mennekle med langvarig sjukdom har svakare ferdigheiter enn andre både når det gjeld dei generelle digitale ferdighetene og når det gjeld å ta dei i bruk.<sup>7</sup>

### **2.1.3 Barrierar for unge**

Bruken av digitale læremiddel aukar gjennomgåande i opplæring og utdanning. Teknologien bidreg til inkludering og gir nye mogleigheter til undervisningspersonell og elevar/studentar. Ei undersøking utført av Oslo Economics og Useit Consulting<sup>8</sup> på oppdrag frå Bufdir, handlar om grunnskulen. Den teknologiske utviklinga går svært raskt. Dei siste åra har det vakse fram eit stort omfang digitale løysingar som i varierande grad er universelt utforma. Dette gjeld også digitale læremiddel. Når det gjeld status for elevar med funksjonsnedsetjingar, er inntrykket at digitale læremiddel vert opplevde som lite universelt utforma per i dag, sjølv om det er variasjonar leverandørane i mellom. Utviklinga synest å gå i rett retning. Manglande digital inkludering kan likevel ha store konsekvensar både for den enkelte og samfunnet samla sett. I særleg grad gjeld dette for barn som vert stengde ute allereie i grunnskulen.

### **Barn og unge 12-16 år**

Ungdom har rett til å nytte helsetenester både sjølvstendig og i samspel med foreldra sine. Dei har god digital kompetanse, men kan førebels ikkje nytte dei personlege tenestene som er etablert på helsenorge.no. For å logge inn på helsenorge.no er

---

6 [https://www.sintef.no/globalassets/sintef-digital/helse/digital-ekskludering-i-nav\\_sintef\\_4.juli-2022---signed.pdf](https://www.sintef.no/globalassets/sintef-digital/helse/digital-ekskludering-i-nav_sintef_4.juli-2022---signed.pdf)

7 <https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/befolkingens-helsekompetanse/Befolkingens%20helsekompetanse%20-%20del%201.pdf?download=false>

8 [Universell utforming av digitale læremidler – en analyse av status og virkninger \(osloeconomics.no\)](https://osloeconomics.no/)

det krav om eID på høgt tryggleiksnivå. For å få eID på høgt tryggleiksnivå er det krav om godkjenning frå foreldre for barn under 18 år. Dei fleste som tilbyr dette nivået har også aldersgrense 13 år. Helsetenesta treng å kommunisere meir direkte med ungdom, ikkje berre via foreldre slik tenestene er bygd opp i dag. Dette gjeld også i tilfelle der behandlerar har behov for å kommunisere direkte med barn utan at foreldre veit om det.

Norsk helsenett SF ser på moglegheten for at ungdom mellom 12-16 år skal få tilgang til digitale helsetenester. Ungdom skal enkelt kunne finne fram og vere i kontakt med helsetenesta, gjennom digitale tenester dei har tillit til. Ungdom skal kunne følgje opp si eiga helse og ta aktiv del i eigne forløp.

I Redd Barnas rapport *Har alle ungdom moglegheit til å delta digitalt?*<sup>9</sup> blir det identifisert sju barrierar som kan stå i vegen for at ungdom mellom 13 og 18 år skal kunne delta på lik linje med jamaldra som er digitalt aktive:

- dårleg tilgang til nett
- dårleg IKT-utstyr
- digitale tenester som ikkje er tilgjengelege
- mobbing og hatprat på nett
- manglande foreldrestøtte
- negativ sosial kontroll
- levekår og buforhold.

Vi må jobbe målretta for å sikre gode moglegheiter for digital deltaking for alle, også for barn og ungdom.

### Fosterforeldre

Fosterforeldre tek hand om omsorga for barn i fosterheim på vegne av barnevernstestesta. Dette inkluderer å sørge for at barnet får nødvendig helsehjelp, men per i dag har ikkje fosterforeldre tilgang til opplysingar om barnet på den digitale innbyggjarportalen helsenorge.no. Tilgang til slike opplysingar er i dag knytt til foreldreansvar og barnet si bustadsadresse. Konsekvensen er at generelle helsetenester som tilgang til prøvesvar, bestille legetime, frikort og fornying av resept er utilgjengeleg for fosterforeldra. Barne- og familidepartementet har gitt oppdrag til Bufdir om å utgreie alternative tilgangsløysingar for fosterforeldre til helseopplysingar for barn dei har omsorgsansvar for på helsenorge.no. Skatteetaten, Direktoratet for e-helse, Norsk helsenett SF og Helsedirektoratet bidreg inn i arbeidet.

#### 2.1.4 Låg tillit, språklege-, sosiale- og kulturelle barrierar

Det er ulike barrierar knytt til tillit til teknologi, internett og samfunnet. I rapporten *Digital ekskludering i NAV*<sup>10</sup> blir det vist til at brukarar har låg tillit til samfunnet, internett og/eller dei digitale tenestene, eller at dei har ulike former for bekymringar og skepsis til bruk av digitale tenester. Dette fordi personar kan vere redde for teknologi eller for eigen bruk av digitale tenester. Det kan vere usikkerheit om kva som skjer med personleg informasjon. Låg tillit kan også komme av negative erfaringar med

---

9 [https://www.reddbarna.no/content/uploads/2021/01/RB\\_HarAlleUngdomLikeDeltakelseMuligheter\\_0922.pdf](https://www.reddbarna.no/content/uploads/2021/01/RB_HarAlleUngdomLikeDeltakelseMuligheter_0922.pdf)

10 [Rapport Digital ekskludering i NAV, SINTEF 2022.pdf](https://www.sintef.no/globalassets/medier/rapporter/digital-ekskludering-i-nav-2022.pdf)

offentlege tenester. Innvandrarar frå land der tilliten til sentrale og lokale styresmakter er låg kan vere meir skeptiske enn dei som er fødde og oppvaksne i Noreg, eller har budd i Noreg i lang tid. Innvandrarar kan og komme frå land der det er lite eller ingen digital opplæring. Innbyggjarar i alle aldrar kan ha lite erfaring og kunnskap om korleis lokale og sentrale styresmakter fungerer.

SINTEF sin rapport peikar også på at språklege og kulturelle barrierar kan gjere det vanskeleg å bruke og forstå digitale løysingar. Dette handlar om utfordringar med terminologi eller mangelfulle lese og skriveferdigheiter. Sosiale forhold som familieforhold, økonomi og busituasjon kan også gjere det vanskeleg å ta i bruk digitale tenester.

Ei utfordring er at mange av dei digitale verktøya som brukast, ikkje er tilrettelagde for samisk språk. Sameloven § 1–5 slår fast at samisk og norsk er likeverdige språk. I forvaltningsområdet for samisk språk er samisk og norsk likestilte språk i samsvar med føreseggnene i samelova kapittel 3.

For å sikra målet til regjeringa om éin digital offentleg sektor er det viktig at offentlege system snakkar med kvarandre. Offentleg sektor går gjennom ei utvikling der stadig fleire system blir integrerte med kvarandre. Mange integrerte system kompliserer overgangen til nytt felles teiknsett som inkluderar teikna ein bruker på samisk, og det blir ofte argumentert med at ein må nytta eit eldre avgrensa teiknsett fordi det er det dei samhandlande systema nyttar. Det er derfor viktig å leggja om til felles teiknsett så raskt som mogleg.

I rapporten «Utanforskning i Forbrukarmarknadene»<sup>11</sup> frå Forbrukerrådet svarte 43 prosent at dei jamleg må hjelpe familie eller nær omgangskrins med å bestille varer eller tenester.

Helsetenester, offentlege velferdstenester og transporttenester blir opplevd som meir vanskeleg tilgjengeleg for forbrukarar enn andre delmarknader. I tillegg til manglande digital kompetanse som hovudårsak, peiker Forbrukerrådet på andre barrierar som til dømes manglande tilgang til nett, utfordringar med kvitvaskingsregelverket og krav til identifisering for å få bankID. Funn frå undersøkinga visar at det er dei yngre (16-34 år) som i størst grad gjev opp å ha problem med å bestille eller betale for varer og tenester, men årsakene til dette er ikkje undersøkt nærmare. Rapporten viser òg at ein stor andel av dei som ikkje bruker digitale verktøy grunngjevalet med ønske om å ikkje bli spora. Dei høgaste andelene slike svar kjem frå dei som opplyser at dei ikkje bruker bankID (22 prosent), smarttelefon og appar (19) og Vipps (17).

Rapporten peiker også på at mangel på interesse og digital kompetanse og ei frykt for å gjere feil er dei viktigaste grunnane forbrukarane gjev opp til at dei ikkje nyttar dei digitale instrumenta for å bestille eller betale. Mange svarer også at dei føretrekkjer å betale med kontantar, og at dei ikkje ønskjer å bli spora.

### 2.1.5 Kriminalomsorg

Vellykka tilbakeføring til samfunnet etter enda straffegjennomføring kan betre blir sikra ved å auka domfeltes digitale ferdigheiter. Etter lengre opphold i fengsel, eller ved straffegjennomføring i samfunnet med restriksjonar, er det risiko for at domfelte kan sakka akterut i møte med eit meir digitalisert samfunn og bruk av

---

<sup>11</sup> [Rapport Forbrukarrådet Utanforskning i Forbrukarmarknadene](#)

offentlege tenester. Samtidig er fleire av aktivitetstilboda og velferdstenestene som innsette og domfelte har krav på, basert på digitale løysingar. Døme er auka digitalisering i grunnopplæringa og høgare utdanning og dessutan sjølvbeteningsløysingar frå NAV og helsesektoren. Særleg for innsette i fengsel står krav om auka «obligatorisk» bruk av digitale velferdstenester ofte i kontrast til omsynet til tryggingsmessige vurderinger og i avgrensingar domfelte har i å bruka internett. Denne målkonflikten, som Riksrevisjonen, i undersøkinga si om helse-, opplærings- og velferdstenester til innsette, hausten 2022, også peikar på, har vore kjent over tid, men er komplisert å løysa.

## 2.2 Korleis møte ikkje-digitale innbyggjarar

Teknologisk utvikling og digitalisering pregar stadig samfunnet vårt og stiller krav til digital kompetanse og deltaking. Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (tidlegare Kompetanse Noreg) gjennomførte på oppdrag for departementet ei befolkningsundersøking om digital kompetanse og deltaking i 2020.<sup>12</sup>

Undersøkinga viste at tre prosent av befolkninga (ca. 130 000) i alder 16 år og oppover bruker ikkje internett eller digitale verktøy (smarttelefon, datamaskin og nettbrett), medan elleve prosent har svake grunnleggjande digitale ferdigheiter (ca. 470 000). Så godt som alle dei som ikkje bruker nokon digitale verktøy er seniorar.

Eit stadig meir digitalisert samfunn inneber ei felles forplikting frå både offentleg, privat og frivillig sektor til å hjelpe dei innbyggjarane som av ein eller annan grunn har problem med å nytte seg av det digitale tilbodet, eller som ikkje kan eller ønsker å bruke digitale verktøy og tenester. Til dømes er folkebiblioteka viktige arenaer der innbyggjarar med lav digital kompetanse kan få rettleiing og opplæring innan grunnleggjande digitale ferdigheiter.

Handlingsplanen skal bidra til auka digital inkludering og deltaking for dei som har lyst og ønsker dette. Handlingsplanen skal òg vareta behovet til dei ikkje-digitale innbyggjarane slik at dei kan utøve rettane og pliktene sine i samfunnet, for eksempel å delta i det offentlege ordskiftet. Ikkje-digitale innbyggjarar skal på same måte som andre kunne få kunnskap om plikter og rettar knytt til blant anna folkestyre, val, personvern og rettstryggleik.

For at alle innbyggjarane skal få utbytte av tenester frå offentlege og private tilbydarar, må det finnast alternative *analoge* løysingar, som telefon, brev og liknande, for dei som ikkje bruker digitale verktøy. Tenesteleverandørane må òg gi god rettleiing i bruk av dei digitale løysingane, slik at dei varetar behova og interessene til innbyggjarane. Det må vere aksept og forståing for at ikkje alle er digitale brukarar.

Fleire av dei tverrgåande tiltaka i handlingsplanen skal bidra til å vareta interessene og behova til innbyggjarar som ikkje bruker digitale verktøy eller har svake digitale ferdigheiter.

---

<sup>12</sup> <https://www.kompetansenorge.no/statistikk-og-analyse/publikasjoner/befolknings-digitale-kompetanse-og-deltakelse/>

## 2.3 Noverande innsats

### 2.3.1 Tilskotsordningar

Departementet har sidan 1999 bidrige med årleg driftsstøtte til Seniornett Norge, slik at dei kan drive opplæring av eldre over 65 år som manglar grunnleggande digitale ferdigheiter, via fleire enn 200 lokalforeiningar over heile landet.

Departementet har sidan 2012 kunngjort tilskot til ulike tiltak knytt til digital kompetanse i befolkninga. Dei siste åra har tilskota vore innretta mot kommunane, med sikte på å bidra til etablering av lokale lågterskel hjelpetilbod. Meir enn 100 kommunar har mottatt støtte for å etablere eit [Digihjelpen](#)-tilbod som tilbyr rettleiing innan grunnleggande digitale ferdigheiter.

I 2014 innretta departementet fleire tiltak og aktivitetar for innbyggjarar med låg eller manglande digital kompetanse mellom anna i samarbeid med Seniornett, HK-dir og KS.

På oppdrag frå KDD driftar og vidareutviklar HK-dir ulike opplæringsressursar som kan brukast kostnadsfritt av alle som tilbyr kurs og opplæring innan grunnleggande digitale ferdigheiter. I mars 2022 inngjekk KDD og KS ein ny samarbeidsavtale om etablering av kommunale hjelpetilbod for å auke den digitale kompetansen til innbyggjarane. Avtalen varer ut 2025. Departementet forvaltar ei tilskotsordning som skal bidra til auka digital deltaking og kompetanse i befolkninga. Tilskotet vart auka frå 2 til 8 mill. kroner i 2022.

Det har vist seg at digital informasjon verkar fragmentert for flyktninger til Noreg og at det er vanskeleg å orientera seg. Behovet blir støtta opp under av innsiktarbeid og forsking (NiBR 2022). Ei arbeidsgruppe har foreslått korleis informasjon til flyktningane kan presenterast heilskapleg, på tvers av mange verksemder og sektorar. Forslaget er inspirert av informasjonsarbeid i andre europeiske land. Arbeidsgruppa har vorte leidd av NAV.

### 2.3.2 Universell utforming av IKT

Noreg var svært tidleg ute med å stille krav om at ikt-løysingar i privat og offentleg sektor skal vere universelt utforma. EU følgde etter i 2018 med tilsvarende regelverk, men då avgrensa til offentleg sektor. Formålet er å fremme likeverdig samfunn-deltaking, bygge ned og hindre nye digitale barrierar og hindre diskriminering

Sidan 2014 er regelverket i Noreg handheva gjennom tilsyn med etterleving i privat og offentleg sektor, pålegg og annan reaksjonsbruk ved brot på regelverket og rettleiing til verksemndene som skal etter leve regelverket. I tilsynsrolla inngår også områdeovertakking i form av analyse og kartleggingar for å auke kunnskapen om status for etterleving og konsekvensar i form av digitalt utanforskning ved manglande universell utforming.

Frå 1.februar 2023 er regelverket utvida for offentleg sektor med fleire krav til universell utforming av nettstader, appar og dokument. I tillegg skal alle verksemder i offentleg sektor årleg publisere oppdaterte tilgjengeleghetserklaeringar som viser i kva grad nettløysingane deira er universelt utforma, der brukarane av digitale løysingar også kan melde frå om tilgjengeleghetsutfordringar. Digitaliserings-

direktoratet utvikla i 2022 ei sentral løysing for tilgjengeleightserklæringane som er obligatorisk for verksemndene i offentleg sektor å bruke.

Det er lang veg å gå for å sikre universell utforming av digitale løysingar som nettsider, appar og sjølvbeteningsautomatar. Uu-tilsynet har avdekkat brot på regelverket om universell utforming i 49 av 51 tilsyn og i 43 av 46 uttalesaker om diskriminering på ikt-området. Regelverksbrota famnar breitt. Digitale løysingar som ikkje kan brukast saman med hjelpemiddelteknologi, mangelfulle tekstalternativ til medieinnhald og illustrasjonar, vanskar med tastaturnavigasjon, mangelfulle instruksjonar i søknads-skjema, svak kontrast mellom tekst og bakgrunn med meir, gjer det vanskeleg eller umogleg å bruke digitale løysingar for personar med nedsett funksjonsevne. Det gir også dårlegare brukskvalitet for alle brukarar.

### **2.3.3 Elektronisk kommunikasjon**

Tilgang til sikre og robuste nett og tenester og fungerande konkurransen er blant dei sentrale målsetjingane i arbeidet med digital inkludering, men har også vore målsetjingar på området for elektronisk kommunikasjon lenge, jf. seinast Meld. St. 28 (2020–2021) – Vår felles digitale grunnmur. På sikkerheitsområdet blir det vist særleg til rapporten Robuste transmisjonsnett for Noreg mot 2030, medan det på konkurranseområdet blir vist til Nasjonal kommunikasjonsmyndighets (Nkom) lovpålagde oppgåver med å analysere og regulere marknader for elektronisk kommunikasjon i tråd med lovgiving basert på felles rammeverk for EØS-området. Tiltaka på desse områda er ikkje med i denne handlingsplanen, med unntak av enkelte nye tiltak som har vorte foreslått under arbeidet med denne handlingsplanen.

Det er ei utfordring for flyktningar å få tilgang til digitale tenester så lenge dei ikkje har eID på høgt nivå. D-nummer (mellombels identitetsnummer) er ikkje tilstrekkeleg for å få utskrive eID. Då er det også utfordrande å få BankID. Alle aktørar som gir tenester til flyktningar må bidra til at flyktningane får eID, mellom anna gjennom informasjonsarbeid.

### **2.3.4 Ny nasjonal strategi for eID**

KDD jobbar med å utarbeide ein ny nasjonal strategi for eID i offentleg sektor. Målet med strategien er at flest mogleg skal kunne skaffe seg ein eID som kan brukast for dei tenestene dei har behov for, og at dei som ikkje sjølv kan opptre digitalt, må kunne la seg representere av andre – også i ei digital verd.

Mangel på brukarvennlege fullmaktsløysingar gjer at pårørande eller verjer opplever store utfordringar med bruk av eID på vegne av andre – med manglande tilgang til digitale tenester frå det offentlege som resultat.

### **2.3.5 Kriminalomsorga**

Kriminalomsorga, i samarbeid med andre forvaltingssamarbeidspartnarar, jobbar med fleire tiltak for å møta utfordringane for personar under deira ansvarsområde:

- Digital skule – det blir jobba med pilotering av moderne, digital plattform for skule som varetek tryggingsomsynet.
- Nasjonal utrulling av digitale sjølvbeteningsløysingar for innsette.
- Kartlegging av moglegheitsrom for auka digital samhandling med forvaltnings-samarbeidspartnarar.

Sjølv om det arbeids med fleire tiltak, er det behov for å vidareutvikla heilskaplege løysingar som kan integrerast mellom velferdsetatane, for å sikra domfelte og innsette dei digitale tenestene dei har krav på.

### **2.3.6 Andre strategiar og planverk**

Ein oversikt over dei mest sentrale strategiane, planverk og aktørar som omhandlar digital kompetanseheving gjennom ulike livsfasar vart publisert i samband med utarbeidninga av strategien [Digital hele livet](#) hausten 2021. Denne oversikten er oppdatert i forbindelse med handlingsplanen og gjort tilgjengeleg på KDDs nettside der kor handlingsplanen blir publisert.



### 3 Tiltak til handlingsplanen for perioden 2023–2026

---

Hovudmålet med handlingsplanen er å motverke digital utanforskning, spesielt blant personar med manglande eller mangelfulle digitale ferdigheiter. Først blir tverrgåande tiltak presenterte. Deretter kjem tiltaka under kvart av dei fem innsatsområda frå strategien:

- Den digitale grunnmuren
- Tilgjengeleg IKT-utstyr
- Grunnleggjande digitale ferdigheiter
- Brukarvennlege digitale tenester
- Digital dømmekraft

Innsatsen er retta mot dei som opplever dei største barrierane for digital deltaking.

### 3.1 Tverrgåande tiltak

TILTAK	
<b>1</b>	<b>Etablere eit samarbeidsforum for digital inkludering</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Etablere eit samarbeidsforum for offentlege, frivillige organisasjonar og næringslivet for å koordinere ein felles innsats retta mot hovudutfordringane i handlingsplanen. Deltakarar skal vere på operativt nivå.</li><li>- Samarbeidsforumet skal også jobba for å leggja til rette for tenester for ikkje-digitale brukarar.</li><li>- Mandat og organisering av samarbeidsforumet skal utarbeidast, inkludert eventuell sekretariatsfunksjon.</li><li>- Første forum blir gjennomført i 2023, ansvar KDD</li></ul>
<b>2</b>	<b>Styrke IT-støtte og brukarstøtte - «IT-fiksere»</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Utgreie etablering av ei ordning for at brukarar som kan ha behov for grunnleggande IT-støtte får tilbod om enkel IT-støtte og hjelp med installasjon av appar, digitale tenester og sosiale medium. Som ein del av utgreiinga, skal ei prøveordning settast i verk i utvalde kommunar. Ordninga skal ikkje omfatte installasjon og brukarstøtte som leverandørar tilbyr. Ordninga må vareta informasjonssikkerheit og personvern. Dei som tilbyr brukarstøtte må ha nødvendig opplæring. Utgreiing blir sett i gang i 2023 med moglegheit for pilotar frå 2024. Ansvar: KDD.</li><li>- Initiere bransjesamarbeid (evt. med involvering av frivillige organisasjonar eller kommune) for å sikre tilbod om god støtte til etablering/setje opp utstyr. Blir sett i gang i 2023, ansvar KDD.</li></ul>
<b>3</b>	<b>Greie ut og styrke koordinering av den nasjonale innsatsen</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Evaluere noverande innsats for auka digital deltaking og kompetanse i befolkninga, inkludert aktuelle tilskotsordningar (jf. <a href="#">Kartlegging av støtte- og tilskuddsordninger for digital kompetanse og deltakelse</a>) og mottakarar av finansiering og driftsstøtte. Evalueringa skal inkludere forslag til justeringar og endringar for å styrke den samla innsatsen på området, inkludert roller og ansvar og kva tiltak har størst effekt.</li><li>- Innsatsen skal også vareta behov til ikkje-digitale brukarar.</li><li>- Vurdere innretning, omfang og effekt av KDD si tilskotsordning for å gjenomføre tiltak i handlingsplanen.</li><li>- Utgreie om éin offentleg instans skal ha overordna ansvar for å koordinere den nasjonale innsatsen for auka grunnleggande digital kompetanse i heile befolkninga.</li><li>- Blir sett i gang i 2023, ansvar KDD</li></ul>
<b>4</b>	<b>Nasjonal hjelpelefone for eldre</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Telefonteneste for eldre over 65 år som treng bistand til enkle tips og rettleiing i bruk av offentlege digitale tenester.</li><li>- Vurdering av oppstart av ein pilot vil bli gjort i samarbeid med fleire departement i 2024, ansvar KDD</li></ul>

<b>TILTAK</b>	
<b>5</b>	<p><b>Synleggjere behov for tilbod og tenester for ikkje-digitale brukarar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Sørge for at offentleg sektor tilbyr rettleiing i bruk av digitale løysingar til brukarar med ingen eller svake digitale ferdigheiter. Offentleg sektor har eit ansvar for å levera offentlege tenester til alle, også til dei som ikkje er digitale.</li> <li>- Synleggjere Kontakt- og reservasjonsregisteret der innbyggjarar på ein enkel måte kan gi beskjed om at dei ønskjer å få vedtak og viktige brev frå stat og kommune på papir.</li> <li>- Oppmode til vidareutvikling av fleire bransjenormer for å vareta ikkje-digitale brukarar, som til dømes <a href="#">Bransjenorm finansiell inkludering</a>.</li> <li>- Ansvar: KDD i samarbeid med relevante departement, KS og næringslivet.</li> </ul>

## 3.2 Den digitale grunnmuren (infrastruktur og netttilgang)

Tilgang til gode, rimelege og framtidsretta mobil- og breibandstenester i heile landet er ein av føresetnadene for at alle innbyggjarar skal kunne delta aktivt i eit digitalisert samfunn. Ein velfungerande infrastruktur for eID er ein av grunnspilarane for at offentlege tenester kan digitaliserast, og at alle har høve til å samhandle digitalt med offentleg sektor.

<b>TILTAK</b>	
<b>6</b>	<p><b>Sørge for at alle husstandar og verksemder i Noreg skal ha tilbod om raskt breiband med 100 Mbit/s innan utgangen av 2025</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vidareføre den statlege støtteordninga for breiband.</li> <li>- Legge til rette for at alle innbyggere har internetttilgang som gir mulighet til å bruke offentlige og private digitale tjenester</li> <li>- Sikre at barn og ungdom under offentleg omsorg har god tilgang på breiband og IT utstyr.</li> <li>- Ansvar: KDD i samarbeid med relevante departement</li> </ul>
<b>7</b>	<p><b>Forbetre infrastruktur og tilgang</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Evaluere effekten av rettleiaren til offentlege aktørar for å effektivisere prosessane for utbygging av mobilnetta og vurdere behov for justeringar.</li> <li>- Kartlegge årsaker til at husstandar som har tilgang til fiber, ikkje er tilkopla.</li> <li>- Kartlegge om det er behov for meir målretta eller spesifikke ordningar for å sikre telefoni og breibandstilknyting med tilstrekkeleg god hastigkeit til grupper som ikkje har økonomiske moglegheiter til å prioritere dette.</li> <li>- Ansvar: KDD i samarbeid med AID</li> </ul>

<b>TILTAK</b>	
<b>8</b>	<b>Etablere forbrukarportalen som eit verkemiddel for å hjelpe forbrukarane i å ta informerte val og med det styrke konkurransen</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Etablere ein eller fleire forbrukarportalar for breiband, med moglegheiter for samanlikning av prisar for ulike breibandstilbod.</li> <li>- Ansvar: KDD og underliggjande etatar</li> </ul>
<b>9</b>	<b>Sikre og stabile løysingar på eID-området</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vidareføre og styrke pågående modernisering av løysingane innanfor eID-området for å sørge for sikker og stabil drift, større innovasjonspotensiale, brukskvalitet og bidrag til å realisere digitale tenester.</li> <li>- Ansvar: KDD</li> </ul>
<b>10</b>	<b>Sikre eID på tilstrekkeleg sikkerheitsnivå til alle relevante brukargrupper</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Samarbeide med næringslivet og marknadsaktørane på eID-området for å inkludere fleire innbyggjarar i digitale tenestetilbod, inkludert nykomne flyktningar og innvandrarar. Marknadsaktørane på eID-området er særleg viktige for å sikre utbreiing av eID på nivå høgt til brukargrupper som i dag ikkje har dette.</li> <li>- Samarbeide med KS om rettleiing for å auke befolkninga sin kompetanse om bruk av eID, med vekt på personvern og informasjonssikkerheit.</li> <li>- Tiltaka vert følgde opp i handlingsplan for Strategi for eID i offentleg sektor.</li> <li>- Ansvar: KDD</li> </ul>

### 3.3 Tilgjengeleg IKT-utstyr

Trass i generelt god tilgang til IKT-utstyr i Noreg, er det fleire eldre, og barnefamiliar med låge inntekter, som verken har tilgang til, eller råd til å kjøpe det utstyret som ein treng for å kunne delta digitalt. Det krevst nokre generelle tekniske ferdigheiter og forståing for å kunne kjøpe inn og ta i bruk ulikt IKT-utstyr, som for eksempel å sete opp ruter, kople seg til nett, bruke PC og abonnere på ei nettavis.

<b>TILTAK</b>	
<b>11</b>	<b>Etablere fleire ordningar for ombruk av IKT-utstyr</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Tenester for gjenbruk av IKT-utstyr bør bli tilgjengeleg fleire stader. Dette inneber mottak av brukt IKT utstyr, som blir sortert, reingjort, reparert og klargjort for sal i tråd med regelverket. <a href="#">OK:data</a> er eit døme på ei slik teneste</li> <li>- Vurdere moglegheiter for å inkludere ombruk av IT-utstyr som er univer-selt forma ut og spesialtilpassa for brukargrupper med nedsett funksjons-evne.</li> <li>- Auke kjennskap til eksisterande ombruksordningar i marknaden.</li> <li>- Vurdere ordningar for utlån av IKT-utstyr som inkluderer barn og unge.</li> <li>- Ansvar: KDD i samarbeid med relevante departement</li> </ul>

## 3.4 Grunnleggjande digitale ferdigheiter

For å ta i bruk internett og IKT-utstyr, og kunne nytte seg av digitale offentlege og private tenester må ein ha grunnleggande digital kompetanse.

<b>TILTAK</b>	
<b>12</b>	<b>Styrke innsatsen mot opplæring av eldre som gjerest av organisasjonar</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Auke innsatsen retta mot opplæring i grunnleggande digitale ferdigheiter retta mot eldre over 65 år.</li><li>- Rette innsatsen mot regionar som har ikkje har etablert opplæringstilbod.</li><li>- Ansvar: KDD</li></ul>
<b>13</b>	<b>Etablere fleire kommunale opplæringslærings- og rettleiingstilbod innan digital kompetanse</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Arbeide for at flest mogleg av kommunane har eit rettleiingstilbod til innbyggjarane innan utgangen av 2025.</li><li>- Ein ny samarbeidsavtale mellom KDD og KS om etablering av kommunale hjelpetilbod for å auke den digitale kompetansen til innbyggjarane. Avtalen gjeld frå 2022 t.o.m. 2025.</li><li>- Materiell som blir utvikla i samband med kommunale rettleiingstilbod, skal gjerast tilgjengeleg gratis.</li><li>- Ansvar: KDD i samarbeid med KS</li></ul>
<b>14</b>	<b>Nasjonale retningslinjer for kvalitetssikring av hjelpetilbod i kommunen</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Implementere tilrådingar og retningslinjer som gjer det enklare for kommunar å etablere eit kommunalt opplærings- og rettleiingstilbod i grunnleggande digitale ferdigheiter til innbyggjarane.</li><li>- Blir fullført i 2023, ansvar KDD</li></ul>
<b>15</b>	<b>Auke kjennskapen til Digidel-tenesta</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Auke kjennskapen til opplæringsressursar via HK-dir si Digidel-teneste blant offentlege instansar.</li><li>- Forenkle moglegheitene for næringslivsaktørar til å dele opplæringsressursar via HK-dir si Digidel-teneste, mellom anna gjennom auka kjennskap til tenesta.</li><li>- Oppdatere opplæringsressursar på <a href="https://Digidel.no">Digidel.no</a> til å inkludere fleire språk (mest nytta).</li><li>- Ansvar: KDD</li></ul>

<b>TILTAK</b>	
<b>16</b>	<p><b>Arbeide for at leverandørar av digitale tenester har kundeservice som er tilgjengeleg for alle, spesielt dei som har vanskar med å bruke digitale løysingar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Arbeid for at tilbydarar av mobil og breiband har ein kundeservice som er tilgjengeleg for alle, spesielt sårbare brukarar.</li> <li>- Vurdere å stille krav om at kundeservice må vere mogleg å nå på andre måtar enn chat, krav til språk, opningstid, svartid osb. Alternativt offentleggjere statistikk for ulike kvalitetsparametrar på kundeservice.</li> <li>- Vidareføre tilbod om hjelp og rettleiing på telefon, e-post og chat til innbyggjarar som har behov for bistand til innlogging i digitale fellesløysingar som ID-porten og Altinn. Det vert også ytt bistand til dei som ikkje kan få eller bruke eID.</li> <li>- Ansvar: KDD i samarbeid med relevante departement</li> </ul>
<b>17</b>	<p><b>Betre digitale ferdigheiter i bruk av velferdsteknologi i helse- og omsorgstenestene</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Styrke digitale ferdigheiter i bruk av teknologi i helse- og omsorgstenestene, særleg for eldre, barne- og unge og menneske med nedsett funksjonsevne.</li> <li>- Ansvar: HOD i samarbeid med KDD</li> </ul>
<b>18</b>	<p><b>Styrke utviklinga av digital kompetanse for barn og unge</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Arbeide for at elevar utviklar digital kompetanse i tråd med læreplanverket og for at den digitale praksisen til barnehagen bidreg til leiken, kreativitetten og læringa til barna i tråd med rammeplan for barnehagen.</li> <li>- Ansvar: KD</li> </ul>

### 3.5 Brukarvennlege digitale tenester

For at alle innbyggjarane, inkludert menneske med nedsettfunksjonsevne, skal kunne ta i bruk digitale tenester frå det offentlege og privat sektor, må dei digitale løysingane vere universelt utforma og bruke klart språk utan for mykje framord og fagterminologi. Brukarvennleg utforming av dei digitale brukargrensesnitta er viktig for å sikre at innbyggjarane kan ivareta rettane sine og utøve plikter i samfunnet. Digitalisering av tenester bør innebere forenkling, slik at dei kan forståast og takast i bruk utan byråkratisk kompetanse eller spesalkompetanse.

<b>TILTAK</b>	
<b>19</b>	<b>Styrke tilsyn og kontroll av etterleving av regelverket for universell utforming av ikt</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Auke talet på kontrollar og risikobaserte tilsyn i privat og offentleg sektor. Prioriterte område er dei med stor sannsynlegheit for brot på regelverket og der regelverksbrot får store konsekvensar for brukarane</li><li>- I 2023 skal det førast tilsyn med digitale løysingar som vert brukte av barn og unge under utdanning.</li><li>- I 2024 startar arbeidet med årlege kontrollar av etterleving av regelverket for uu av ikt, med særleg vekt på nye krav som følgje av EU-direktiv 2016/2102.</li><li>- Ansvar: KDD</li></ul>
<b>20</b>	<b>Styrke rettleiing om regelverket og beste praksis for universell utforming av ikt</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Gi informasjon og rettleiing om regelverkskrav og standardar for universell utforming av nettstader, appar og sjølvbeteningsautomatar, inkludert løysingsforslag og testmetodar.</li><li>- I 2023 skal det utarbeidast rettleiing særleg innretta mot universell utforming av ikt i opplærings- og utdanningssektoren.</li><li>- Ansvar: KDD</li></ul>
<b>21</b>	<b>Implementere tilgjengeleightserklæring for offentleg sektor</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Sikre at offentlege verksemder får tilgang til Digdir si løysing for tilgjengeleightserklæringar frå 1. februar 2023. Tilgjengeleightserklæringane skal vise i kva grad nettstader og appar er universelt utforma. Erklæringane skal ha funksjonalitet for at verksemndene kan ta i mot meldingar frå brukarane om tilgjengeleghetsutfordringar.</li><li>- I 2023 startar kontrollar av at offentleg sektor publiserer tilgjengeleights-erklæringar. Det vert også sett i verk kontroll av at innhaldet i erklæringane er i tråd med krav til uu av ikt.</li><li>- I løpet av 2023 skal det vurderast om også privat sektor, inkludert frivillige organisasjonar, skal kunne nytte Digdir si løysing for tilgjengeleights-erklæringar.</li><li>- Ansvar: KDD i samarbeid med relevante departement</li></ul>

<b>TILTAK</b>	
<b>22</b>	<p><b>Gjennomføre kartleggingar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ny befolkningskartlegging av digitale ferdigheiter skal gjennomførast i 2024 som oppfølging av tilsvarande undersøking publisert i 2021. Bostedsentralitet bør inngå som ein faktor og ta utgangspunkt i SSBs sentralitetsindeks.</li> <li>- Kartleggingar og analysar av status for etterleving av regelverket for universell utforming av ikt. I 2023, er kartlegging av universell utforming av digitale løysingar i skule og utdanning prioritert.</li> <li>- Kartleggingar og analysar av digital deltaking og digitalt utanforskning, m.a. <ul style="list-style-type: none"> <li>- Data frå DFØ sine innbyggjarundersøkingar med vekt på digital deltaking</li> <li>- Data frå SSB sine ikt-relaterte undersøkingar</li> </ul> </li> <li>- Bidrag til den årlege kartlegginga IT i praksis.</li> <li>- Ansvar: KDD</li> </ul>
<b>23</b>	<p><b>Følgje opp regelverk og standardar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Sikre eit oppdatert og relevant regelverk for universell utforming av ikt, inkludert systematisk førebuing av innføring og handheving av framtidig regelverk.</li> <li>- Følgje opp krav om tilgjengeleghet for varer og tenester under <a href="#">EU:s tilgjengeleghetsdirektiv</a> som trer i kraft 28. juni 2025. Noreg er i prosess med å innlemma direktivet i nasjonalt regelverk.</li> <li>- Ansvar: KDD og KUD</li> </ul>
<b>24</b>	<p><b>Sikre og brukarvennlege digitale fullmaktsløysingar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Utvikle sikre og brukarvennlege digitale fullmaktsløysingar som gir tilgang til digitale tenester på vegne av ein annan brukar (digital representasjon og autorisasjonsløysingar)</li> <li>- Utarbeide rettleiing i bruk av digitale fullmaktsløysingar.</li> <li>- Ansvar: KDD</li> </ul>
<b>25</b>	<p><b>Utvikle samanhengande tenester og livshendingar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vidareføre arbeidet med å realisere dei sju livshendingane i Én digital offentlig sektor: Digitaliseringsstrategi for offentlig sektor 2019–2025. <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Få barn</li> <li>2. Alvorleg sjukt barn</li> <li>3. Miste og finne jobb</li> <li>4. Ny i Noreg</li> <li>5. Starte og drive ei bedrift</li> <li>6. Dødsfall og arv</li> <li>7. Starte og drive ein frivillig organisasjon</li> </ol> </li> <li>- Gi brukarretta og situasjonsbestemt rådgiving tilknytt livshendingane for å løyse nasjonale, tverrgående, behov. Heilskapleg informasjon til sluttbrukar er eit prioritert område.</li> <li>- Vurdere å utvide arbeidet med sammenhengende tjenester ved å inkludere fleire livshendingar som for eksempel å bli myndig, å bli pensjonist.</li> <li>- Livshendingane vert følgje opp i handlingsplanen for Digitaliseringsstrategien.</li> <li>- Ansvar: KDD i samarbeid med relevante departement</li> </ul>

<b>TILTAK</b>	
<b>26</b>	<p><b>Auka brukskvalitet i offentlege digitale tenester på tvers</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Utforske og prøve ut brukarvennlege løysingar på tvers, med gjenkjennelege modular for brukaroppgåver, felles samla oversikt over oppgåver og informasjon om korleis brukarar kan få hjelp digitalt av venner, pårørande eller offentlege hjelparar på ein sikker og brukarvennleg måte.</li> <li>- Utvikle retningslinjer for design av samanhengande tenester for meir like og gjenkjennelege interaksjonsmønster</li> <li>- Utforske korleis vi kan styrke den personlege hjelpa til brukarane og gjere den meir tilgjengeleg.</li> <li>- Ansvar: KDD</li> </ul>
<b>27</b>	<p><b>Styrke arbeidet med klart språk for å få betre digitale tenester og auka systemforståing</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Styrke klarspråkarbeidet i stat og kommune i samarbeid med KS, Digdir og Språkrådet.</li> <li>- Rettleie verksemder i bruk av metodikk om klart språk som verktøy i digitaliseringsprosjekt og i prinsippa for klart språk i digitale tenester.</li> <li>- Bidra til kompetanseheving og informasjonsformidling om ressursar og rettleiingsmateriell som bidreg til klart språk i digitale løysingar, brevtekstar og annan informasjon frå det offentlege.</li> <li>- Ansvar: KDD</li> </ul>
<b>28</b>	<p><b>Utarbeide lett tilgjengeleg informasjon om offentleg tenestetilbod og ansvarsområde</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Utgreie korleis behovet for heilskapleg informasjon om offentlege tenester på tvers av sektorgrenser, kan løysast på ein føremålstenleg måte.</li> <li>- Utarbeida lett tilgjengeleg informasjon på dei mest aktuelle innvandrar-språka.</li> <li>- Greie ut kva for nokre gjenståande hindringar som må fjernast for å kunna gi eit fullverdig digitalt tilbod til brukarar av samiske språk i Noreg.</li> <li>- Sikre at det samiske perspektivet blir teke med i eit tidleg stadium for utvikling av digitale tenester</li> <li>- Ansvar: KDD</li> </ul>
<b>29</b>	<p><b>Auke kjennskap til tilbod innan elektronisk kommunikasjonsutstyr og tenester for brukarar med nedsett funksjonsevne og brukarar med særskilde behov</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Auke kjennskap til oversikt over tilbod for brukarar med nedsett funksjonsevne og brukarar med særskilde behov, under dette tenesta <a href="#">GARI</a> som gir informasjon om tilgjengelegheitsfunksjonar i mobiltelefonar, nett-brett, appar, smartklokker og smart-TV.</li> <li>- Ansvar: KDD</li> </ul>

<b>TILTAK</b>	
<b>30</b>	<p><b>Sørgje for god brukartesting ved utvikling av digitale tenester</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Sikre at menneske med ulike føresetnader og behov blir tidleg involverte i utvikling av digitale tenester. Å planlegge for tilgjengeleghet og brukarvennleghet frå prosjektstart, er den beste strategien for å sikre at digitale tenester fungerer godt for alle brukarar.</li> <li>– Ansvar: KDD i samarbeid med relevante departement</li> </ul>

### 3.6 Digital dømmekraft

Digital dømmekraft handlar om evne til kritisk refleksjon mellom anna om personvern, informasjonssikkerheit og opphavsrett, og heng saman med kritisk medieforståing. Digital dømmekraft omfattar også evne til samhandling, respekt for andre og etisk refleksjon.

<b>TILTAK</b>	
<b>31</b>	<p><b>Styrke kompetanse og forbetre læringsressursar om personvern og informasjonssikkerheit</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Forbetre læringsressursane på digidel.no og KS si rådgivingsteneste Digi-hjelpen om personvern og informasjonssikkerheit.</li> <li>– Forbetre kompetanse om personvern blant lærarar og skuleleiarar.</li> <li>– Utarbeide fleire opplæringsressursar tilrettelagt for ulike målgrupper, innan temaet desinformasjon.</li> <li>– Ansvar: KDD i samarbeid med relevante departement og KS</li> </ul>
<b>32</b>	<p><b>Auke kunnskap om personvern og informasjonssikkerheit</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Jobbe for eit forpliktande samarbeid med elektronikkbransjen og IKT-selskap for å betre kunnskapen om personvern og informasjonssikkerheit i informasjons- og rettleiingsmateriellet deira.</li> <li>– Auke deltaking og samarbeid om digital sikkerheit retta mot innbyggjarane bl.a. gjennom NorSIS og sikkerheitsmånaden.</li> <li>– Gjere <a href="#">nettvert.no</a> og liknande tenester meir synlege.</li> <li>– Ansvar: KDD i samarbeid med relevante departement og KS</li> </ul>

## **3.7 Økonomiske og administrative konsekvensar**

Handlingsplanen vil følgjast opp av Kommunal- og distriktsdepartementet som har det overordna ansvaret for koordineringa av IKT-politikken til regjeringa. Gjennomføringa av tiltaka i handlingsplanen føreset eit omfattande tverrsektorielt samarbeid mellom departement, statlege verksemder, kommunesektoren, frivillige organisasjonar og næringslivsaktørar innanfor digitale tenester og produkt.

KDD har ein samarbeidsavtale med KS, interesseorganisasjonen til kommunane, som legg til rette for utvikling av lokale rettleiingstilbod innan digital kompetanse i heile landet.

Økonomiske og administrative konsekvensar knytt til gjennomføringa av tiltaka i handlingsplanen blir dekte innanfor departementets og dei ulike aktørane s gjeldande budsjetttramme.

Tiltak som krev ekstra løyingar vil bli handtert i den ordinære budsjettprosessen.

Utgjeve av:  
Kommunal- og distriktsdepartementet

Bestilling av publikasjonar:  
Service- og tryggingsorganisasjonen til departementa  
publikasjoner.dep.no  
Telefon: 22 24 00 00  
Publikasjonar er også tilgjengelige på:  
[www.regjeringa.no](http://www.regjeringa.no)  
Publikasjonskode: H-2544 N

Omslagsfoto: GettyImages

Trykk: Service- og tryggingsorganisasjonen til  
departementa 06/2023 - opplag 50

